



Forventningar til og utfordringar for nettlærarane

Jostein Tvedte, Høgskulen Stord/Haugesund

- nettlærer sidan ”starten” (JITOL/NITOL)
- seksjonsleiar for IKT i avd. for LU
- medlem av styret i HSH

Kven er nettlærer?

”Nettlærarar” er i denne samanheng ”lærarar som underviser studentar i høgare utdanning via Internett”





Kven har forventningar?

- Nettstudenten
- Nettlæraren sjølv
- Nettinstitusjonen (oppdragsgivar)
- UFD (Handlingsplan for IKT i norsk utdanning 2000-2003)

Kva forventningar har nettstudenten?

- *Faglege*: Ta høgare utdanning i ”alle” fag via nettbaserte studium
- *Pedagogiske*: Minst like godt tilrettelagt som tradisjonelle studium
- *Praktiske*: Ta høgare utdanning utan å vera fysisk knytt til ein institusjon (- bu i Noreg, studera i utlandet, - eller omvendt)
Forventar døgnopen service (- ikkje berre døgnopen server!)
- *Økonomiske*: å kombinera høgare utdanning med løna arbeid





Kva forventningar har nettlæraren?

- *Faglege*: Kan delta i eit større fagmiljø, i eit fagnettverk
- *Pedagogiske*: Arbeid med nettkurs kan gi kunnskap om og medføra til nye og betre arbeidsmåtar
- *Praktiske*: Kan arbeida kvar som helst og kva tid som helst (- eller ”over alt, alltid”?)
- *Økonomiske*: Kan ha mange studentar (- og tena mykje pengar?)

Kva forventningar har nettinstitusjonen?

- *Faglege*: Lærarar vil ha fagleg utbyte av å samarbeida i fagnettverk
- *Pedagogiske*: Nettkurs kan gi betre og meir effektive arbeidsmåtar
- *Praktiske*: Det kan arrangerast mange kurs med mange studentar
- *Økonomiske*: Nettkurs kan opna for nye målgrupper
- *Strategiske*: Nettkurs kan vera eit middel i ”kampen om” studentane





Kva forventningar har UFD?

- *Faglege*: Noreg skal vera ”på høyden internasjonalt på utvalgte IKT-områder”
- *Pedagogiske*: Noreg får eit betre utdanningssystem (- som kan få gode karakterar i neste OECD-rapport!).
- *Praktiske*: ”Alle” fag kan tilbydast, over alt, alltid
- *Strategiske*: At intensjonen om å samla heile utdanningssektoren på ein stad, i eit nasjonalt læringsnett, vert følgt opp (Jfr. ”IKT i norsk utdanning, Plan for 2000 – 2003”)
- *Økonomiske*: Det er kostbart å halda i gang tradisjonelle studietilbod ved t.d. små institusjonar. Det ligg ein økonomisk gevinst i å arrangera nasjonale nettkurs.





Kva utfordringar har nettlæraren?

- *Faglege*: Å vera nettlærer krev høgt fagleg nivå
- *Pedagogiske*: Krev kunnskap om god ”nettpedagogikk”: Korleis skapa gode IKT-baserte læringsmiljø? Korleis skapa aktivitet, samhandling og kjensle av tilhøyring? Korleis kvalitetssikra det faglege innhaldet/nivået? Korleis halda seg fagleg oppdatert?
- *Praktiske*: Krev kunnskap om nettbasert formidling. Krev teknisk innsikt i publisering på Internett. Krev praktisk kunnskap om IKT-bruk. Krev at ein kan styra eiga arbeidstid, og sikrar seg gode nok arbeidstilhøve. Ein skal ikkje vera tilgjengeleg alltid, over alt!
- *Økonomiske*: Vert nettlæraren pressa til å ta fleire studentar enn andre lærarar? Skal nettlæraren krevja ”resultat-løn”?
- *Etiske*: Kor lett er det for ein dyktig nettlærer å vera lojal mot statsinstitusjonen når kommersielle kurstilbydarar lokkar med betre løn, betre arbeidsforhold, med høve til å arbeida kvar som helst, kva tid som helst?





Utfordringar til nettinstitusjonen

- *Strategiske:* Støtt utviklinga av fagmiljøa! Berre levande fagmiljø kan utvikla gode kurstilbod! Har eit fagmiljø problem med å rekruttera studentar, vil ikkje utvikling av eit nettbasert alternativ alltid løysa problemet! Vurder nøye kva fag som bør utviklast som nettstudium, og om ein skal ”konkurrera” om betalingsstudentar. For, når ”alle tilbyr alt”, vil studentane velja kvalitet!
- *Pedagogiske:* Støtt opp om utviklinga av nye arbeidsmåtar (kurs, seminar, stipend, osv.), både når det gjeld interne kurs ”on campus” og nettstudium
- *Praktiske:* Legg tilhøva praktisk til rette for dei som skal driva med nettkurs. Sørg for at nettlærarar vert i stand til å yta god (rask!) service til nettstudentane. Konkurrer på kvalitet! Tilset gjerne eigne ressurspersonar som kan støtta dei fagtilsette i arbeidet med å publisera kursa sine.
- *Administrative:* Lag gode administrative rutinar som støttar utviklinga av nettbaserte studium. Still til rådvelde gode ”plattformer” for slike studium. Lag gode arbeidsavtalar for dei lærarane som er villige til å arbeida ”alltid, over alt”. Ikkje la unødvendig tunge formalitetar hindra at ein nettlærer t.d. får dekt utgifter til teljarsteg og nødvendig utstyr for å arbeida heimanfrå!





Påstand:

*Forventningane til nettlæraren fokuserer ofte på **kvantitet**,
men utfordringane handlar om **kvalitet**!*

